



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1384 - 19/14608

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
10.05.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - 196/68 Midtgård

Tiltak: Einebustad
Byggjestad: GBNR 196/68
Tiltakshavar: Helen Viken, Heine A Vinnes Hetlevik og Janne Merete Vinnes
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for einebustad.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Bustaden kjem 12 meter frå midt kommunal veg i sørøst. I nordøst vil bustad ha ei avstand frå vegmidt på 15 meter. Eigedom ligg i eit bustadområde der fartsgrense i kommunal veg er 30km/t.

Vurdering/drøfting:

Bustad får ei plassering 12 meter frå midt kommunal veg. Plassering vil ikkje påvirke drift og vedlikehald av kommunal veg. Bustaden vil ikkje være til hinder for sikt langs kommunal veg.

Samandrag/konklusjon:

Lindås kommune ved Teknisk drift har vurdert søknad og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk gjev Lindås kommune ved Teknisk drift dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for einebustad på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 12 meter.

Vi gjer merksam på at dette vedtaket berre gjeld plassering av tiltak i forhold til byggegrense mot kommunal veg etter Veglova. Etablering av tiltak krev byggeløyve etter plan og bygningslova.



Det er i dette vedtaket ikkje teke stilling til del av søknad som gjeld dispensasjon frå fastsettingar i **Arealdel av Kommuneplan 2011-2023 § 1.1 Krav om reguleringsplan**. Denne delen av søknaden vert handsama av byggesak.

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privat-rettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM